

# Utkast til intensjonsavtale

Ny kommune i Sogn

Balestrand, Lærdal, Leikanger, Sogndal, Vik  
og Årdal kommunar

---

**Versjon 3-2, 29.01.16**

## Utkastet til intensjonsavtale – eit førebels dokument.

Dette dokumentet er eit utkast og ikkje eit endeleg forhandlingsresultat. Dokumentet er eit grunnlag for forhandlingane mellom dei seks kommunane.

Eit forhandlingsutval med politisk representasjon skal halde fire møter i januar og februar, og dokumentet vil bli endra etter kvart som forhandlingane tek opp nye tema. Og ingen del av dokumentet er ferdig utarbeid før forhandlingane er ferdige.

Intensjonsavtalen skal handsamas i felles møte for formannskapa 26.02. Etter det skal kvart kommunestyre handsame intensjonsavtalen.

Innbyggjarane skal høyrast gjennom ei innbyggjarundersøking, og så ei folkeavrøysting mai.

Endelig vedtak om kommunesamanslåing vert i kommunestyra i juni.

Kvar kommune skal gje svar om til fylkesmannen innan utgangen av juni.

Kommunestyra kan gjera vedtak om å fremja søknad om samanslåing i juni 2016. Endeleg vedtak vert gjort i Stortinget våren 2017.

Vedteke i Balestrand ....., Lærdal ....., Leikanger....., Sogndal....., Vik ....., Årdal..... kommunestyrer.

## Innhold

|  |    |
|--|----|
| Innleiing .....  | 3  |
| 1. Visjon og mål .....   | 5  |
| 2. Betre tenester og prinsipp for lokalisering av kommunale tenester ..... | 7  |
| 3. Samfunnsutvikling .....   | 8  |
| 4. Kommunesenter .....   | 9  |
| 5. Prinsipp for styring og organisering .....                              | 9  |
| 6. Kommunenamn .....   | 10 |
| 7. Interkommunale selskap .....  | 10 |
| 8. Økonomi .....   | 10 |
| 9. Samordning av planverk .....  | 11 |
| 10. Arbeidsgjevpolitik .....   | 11 |

## Innleiing

Regjeringa sine mål for ny kommunestruktur er:

1. Styrka lokaldemokratiet og gje større kommunar fleire oppgåver.
2. Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane.
3. Bærekraftige og økonomisk robuste kommunar.
4. Heilskap og samordning i samfunnsutviklinga.

Kommunane skal sjølv vurdere sin eigen situasjon med bakgrunn i desse måla, og saman med nabokommunar sjå på om det finst gode grunnar for samanslåing.

Kommunane i Sogn; Aurland, Balestrand, Høyanger, Lærdal, Leikanger, Luster, Sogndal, Vik og Årdal kommunar greidde ut ny kommunestruktur i 2015. Rapporten utarbeidd av Telemarksforsking har vore lagt fram i alle dei ni kommunestyra.

**Tekstboksane nedanfor inneheld litt informasjon frå Telemarksforsking sin presentasjon av rapporten for formannskapa. I møtet i Vik vart det mint om kva rapporten seier. Dette er meint som tekstar for vidare arbeid med intensjonsavtala; og skal ikkje vere ein del av den.**

*I sin presentasjon for formannskapa omtalte Telemarksforsking dette om samfunnsutvikling:*

Ei viktig målsetting med ei kommunesamanslåing er å få ein meir handlekraftig kommune som kan spele ei større rolle som både lokal og regional samfunnsutviklar

Dette føreset òg at kommunane har tilstrekkeleg kompetanse og ressursar både til arealplanlegging, næringsarbeid, kulturtiltak, nettverksbygging og etablering av gode partnerskap

Fleire kommunar har liten kapasitet til å drive med nærings- og samfunnsutvikling

Kommunestrukturen har òg direkte innverknad på mulegheitene for å drive heilskapleg planlegging og utvikling av det som fungerer som ein funksjonell bu- og arbeidsmarknad

Utfordringane i kommunane kan vera svært ulike, t.d. avhengig av om ein snakkar om vekstkommunar eller fråflyttingskommunar.

Fleire trekker fram at kommunane har felles utfordringar og utviklingsmulegheiter på fleire områder, bl.a. når det gjelder landbruk, industri, reiseliv, infrastruktur og statlege arbeidsplassar.

*Om generelle vurderingar av tenestene vart det sagt:*

Kvaliteten på tenestetilbodet vurderast samla sett som relativt bra

Det er visse utfordringar med små og sårbare fagmiljø og til dels rekruttering

Kommunane har noe utfordringar med å handtere stadig aukande krav til tenestene

Fleire kommunar gjev klart uttrykk for at dei ikkje står godt rusta til å handtere stadig aukande krav til kommunane, nye oppgåver og framtidige utfordringar

Tenesteområder med spesielle utfordringar

Samla sett er det mange som peikar på helse og omsorg, og dessutan skule som dei meste krevjande tenesteområda

Innanfor helse og omsorg er det legetenesta, psykisk helse/rus, ressurskrevjande brukarar og nok kompetanse mange av kommunane peikar på. Vik og Aurland peikar spesielt på utfordringar med legevaksordninga

På skuleområde er det i fleire kommunar, blant anna Luster, Balestrand og Lærdal, usemje om kva som er ein ideell skulestruktur for å sikre ei effektiv drift og god kvalitet av skulesektoren

Andre områder som vert trekt fram er næring, tekniske tenester og samfunnsutvikling

Kommunestyra i Balestrand, Lærdal, Leikanger, Sogndal, Vik og Årdal kommunar har gjort vedtak om å føra «nabosamtalar» om ein intensjonsavtale for ein ny kommune i Sogn. Intensjonsavtalen er utarbeidd av eit forhandlingsutval med politisk representasjon frå dei seks kommunane.

Balestrand, Lærdal, Leikanger, Sogndal, Vik, Årdal kommunar tek sikte på å slå seg saman til ein kommune frå 01.01.2020. Det er kommunestyra i kommunane som vedtek om kommunane skal slå seg saman eller ikkje. Kommunane skal innan 30. 06.2016 gje sitt svar til Fylkesmannen om, og kva for kommunar dei vil slå seg saman med. Kommunestyra kan gjera vedtak om å fremja søknad om samanslåing i juni 2016.

Stortinget avgjer våren 2017 om kommunane skal bli ein ny kommune. Frå dette tidspunktet, og fram til etablering, skal ei fellesnemnd med folkevalde frå kvar av noverande kommunar førebu etableringa av den nye kommunen. Kommunestyret i den nye kommunen gjer deretter alle vedtak som gjeld den nye kommunen. Denne intensjonsavtalen legg rammer for fellesnemnda og kommunestyret i den nye kommunen.

Nytt kommunestyret bør i løpet av første kommunestyreperiode evaluere verknadene av kommunesamanslåinga og vurdere endringar i politisk og administrativ organisering.

## 1. Visjon og mål

I møtet 15.01. vart desse momenta nemnd som viktige for måla:

- ◆ Vekstkraft
- ◆ Utviklingsarbeid
- ◆ Offentlege - formulering statlege arbeidsplassar
- ◆ omstillingsdyktig
- ◆ Nye næringer, nye virksomheter, nye arbeidsplasser
- ◆ Privat og offentleg sektor
- ◆ Kommunens rolle som samfunnsutviklar
- ◆ Folketalsutvikling
- ◆ Naturlege og særlege fortrinn
- ◆ Bygge vidare på nåværende styrkjer
- ◆ De grønne skiftet
- ◆ Urbanitet i Sogndal
- ◆ Nye oppgåver – vere i stand til å ta på seg desse
- ◆ Omtale styrker ( høgskolen, klynger, fengsel, hatt en vekts i antall statlege arbeidsplassar, gode på forvaltning, reiselivet i Sogn,
- ◆ Sogn skal fortsatt vere administrasjonsstad for fylkeskommunale, statleg regionale og nasjonale funksjoner
- ◆ Klima, miljø, samfunnssikkerhet og beredskap (inn i pkt 1?)
- ◆ Harmonisering av tenester – må nevnes at skal takast opp seinare.

«Vekstkraft i Sogn» er visjonen for Sogn kommune.

Hovudmålet med samanslåinga er ei samordna samfunnsutvikling med ei positiv utvikling i folketalet og talet på private og offentlege arbeidsplassar.

Kjenneteikn ved Sogn kommune:

- ◆ Har gode og likeverdige tenester med høg kvalitet for innbyggjarane.
- ◆ Har attraktive bu-, arbeids- og fritidsområde i alle delar av kommunen.
- ◆ Har ei miljøvenleg utvikling av kommunen, med reduserte utslepp av klimagassar.
- ◆ Vekstkrafta i regionsenteret er vidareutvikla og styrkja
- ◆ Sogndal har urbane kvalitetar med ringverknader for heile kommunen.
- ◆ Er (**framleis**) administrasjonssenteret i fylket.
- ◆ Har ein utstrakt bruk av IKT og kjend for satsinga «digitale Sogn»

### Forslag frå Lærdal og Årdal – 29.01. (jfr vedlagt notat)

#### Visjon

Visjonen er å skape ein vekstkraftig kommune med fokus på utvikling av:

- ◆ Samfunn
- ◆ Næringsliv
- ◆ Tenester

- ♦ Organisasjon

Dette skal gjerast ved å

- ♦ få på plass gode samferdsle- og datakommunikasjonsløysingar inn og ut av kommunen,
- ♦ binde dei ulike delene av kommunen betre saman gjennom betre og tryggare interne samferdsleløysingar og datasamband.

Målet er å få på plass

1. 20 min avgangar på ferjene i trekantsambandet Vangsnes, Hella, Dragsvik
2. Tunell gjennom Vikafjellet
3. Bru over Sognefjorden mellom Mannheller og Fodnes
4. Det til ei kvar tid beste av infrastruktur for datakommunikasjon inne i og ut av kommunen

### **Samfunnsutvikling**

Kommune har som siktemål å få til ei balansert utvikling mellom dei ulike delene ved aktivt å bygge vidare på dei styrkar og føremoner me har.

I dette ligg å bygge vidare på eksisterande offentlege og private strukturar som grunnlag for å skape vekst i tal arbeidsplassar og utvikling av betre tenester. Døme er statlege og fylkeskommunale miljø og arbeidsplassar på Leikanger, Høgskulen og miljøet kring Campus i Sogndal, sjukehuset i Lærdal, fengselet i Vik, forskingsmiljø på Leikanger og i Sogndal og i Årdal vidaregåande skule og industrimiljøet på Hydro og Norsun. .... (bør fyllast meir ut)

### **Næringsutvikling**

Målet er å byggje eit slagkraftig (alternativt sterkt og profesjonelt?) næringsutviklingsapparat. Dette skal me gjere ved å:

- ♦ Kople næringsutviklinga tett mot samfunnsplanlegginga
- ♦ Lage ein overordna strategisk næringsplan
- ♦ Samle ressursane
- ♦ Bygge kompetanse og profesjonalitet

### **Tenester**

Målet er å drive utvikling av tenester basert på tilbakemeldingar frå innbyggjarane, døme på beste praksis og erfaringar frå andre.

### **Organisasjon**

Målet er å byggje ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon. Dette skal me gjere ved å

- ♦ samle dei strategiske funksjonane
- ♦ etablere ein felles utviklingskultur og -metodikk
- ♦ samle fagmiljø til slagkraftige einingar

Sterke fagmiljø skal etablerast ved å:

- ♦ bygge vidare på eksisterande miljø,

- ◆ samle fleire i større fagmiljø,
- ◆ legge spreidde miljø under samla leing og knyte dei sterkt saman gjennom aktiv bruk av datakommunikasjon.

Eigen plan og utviklingsavdeling med eit overordna ansvar for utviklinga i kommunen ....

## 2. Betre tenester og prinsipp for lokalisering av kommunale tenester

Vi er samde om å ha gode, likeverdige og kostnadseffektive tenester til innbyggjarane.

Vi skal ha brukarnære, daglege tenester der innbyggjarane bur. Dette gjeld mellom anna barnehage, skule, sjukeheim, heimetenester, helsetenester (legeteneste, fysioterapitenesta m.v.), kulturtilbod, kulturskule, bibliotek, enkelte tenestetorgfunksjonar og operativ brann- og redning. Lokalisering av desse tenestene vert ikkje endra som følgje av ei samanslåing av dei seks kommunane.

Nokre kommunale tenester er ikkje stadbundne og kan lokaliserast friare i heile kommunen. Dette gjeld mellom anna landbruksforvaltning, utmarksforvaltning, barnevern, PPT, omsorgstenester til ressurskrevjande brukarar, byggesak og planlegging, oppmåling og andre tekniske tenester. Utvikling av desse tenestene kan skje med utgangspunkt i eksisterande fagmiljø.

Interne tenester i kommunen er ikkje stadbundne for innbyggjarane, og kan lokaliserast friare i heile kommunen. Døme på slike tenester er forvaltning, drift og vedlikehald (FDV) av kommunal eigedom og infrastruktur, IKT-drift, lønsskontor, rekneskapskontor, helse- og omsorgsadministrasjon, skuleadministrasjon og kulturadministrasjon. Vi er samde om ei funksjonsfordeling av slike ikkje stadbundne tenester. *(Forslag frå rådmennene. Denne setninga takast inn: Kommunane har som siktemål å få til ei balansert utvikling mellom dei ulike delane av den nye kommunen ved aktivt å bygge vidare på dei styrkar og føremoner vi har.)* Ein gradvis overgang til ei funksjonsfordeling er aktuelt. Stabsfunksjonar skal fordelast til eksisterande kommunesentra. Fellesnemnda i saman med ny rådmann, vil få oppgåve med å fordele stabsfunksjonar. Vi er samde om å sikre kommunale arbeidsplasser og tenestetorg/sørviskontor i alle eksisterande kommunehus.

Ved funksjonsfordeling av dei ikkje stadbundne tenestene skal det leggjast vekt på å lokalisere dei kommunale tenestene til dei noverande kommunesentra som har andre offentlege arbeidsplassar som i innhald grensar opp mot ikkje stadbunde kommunale tenester. Det vil seie at:

- ◆ administrasjonsfunksjonar skal lokalisert til Leikanger (fylkesmannen, fylkeskommunen, Difi, NAV, Statens vegvesen og Skatteetaten),
- ◆ helse- og omsorgstenester til Lærdal (Helse Førde – Lærdal sjukehus)
- ◆ tenester knytt til opplæring (Høgskulen i Sogn og Fjordane) Sogndal
- ◆ Tenester innan psykisk helsevern og rus (Indre Sogn Psykiatrisenter – Helse Førde) til Sogndal.
- ◆ Andre funksjonar og lokalisering

## Alternativ formulering frå Lærdal og Årdal (29.01.) (jfr vedlegg)

**Kommentar frå Arild Stana: Eg oppfattar at forslaget nedanfor erstattar teksta ovanfor.**

### **Prinsipp for lokalisering**

*Stadbundne kvardagstenester skal ligge nær brukarane. Dette er barnehagar, skular, helse og omsorgstenester. Ein oversikt over kva dette er går fram av eige vedlegg.*

*Ikkje stadbundne tenester skal fordelast mellom dei ulike delene av kommunen. Fordelinga går fram av eige vedlegg.*

*Eventuelle andre ikkje stadbundne tenester som ikkje går fram av tabellen, skal fordelast på ein balansert måte mellom dei ulike delene av kommunen.*

Vi er samde om å arbeide for å styrkje Lærdal sjukehus. Det er vidare semje om å styrkje dei kommunale helse- og omsorgstenester i Lærdal kommune. I dette ligg at det operative ansvaret for drift og utvikling av helsetenester vert samla under Sogn LMS, herunder styring av eksisterande KAD-senger.

## Alternativ formulering frå Lærdal og Årdal (29.01.) (jfr vedlegg)

*Vi er samde om å arbeide for å styrkje Lærdal sjukehus. Det operative ansvaret for drift og utvikling av helsetenester vert samla under Sogn LMS, herunder styring og bruk av KAD-senger.*

## 3. Samfunnsutvikling

Alternativ 1 for målformulering:

Nye «Sogn» skal vere ein aktiv aktør med samfunns- og næringsutvikling som høgt prioriterte oppgåver.

Alternativ 2 for målformulering:

Vi er samde om at ei styrkja samfunns- og næringsutvikling er den viktigaste effekten av ein større kommune. Vi skal sikre eksisterande arbeidsplassar og leggje til rette for nyetablering.

Vi skal satse på:

- ♦ offentlege arbeidsplassar på Leikanger, Sogndal og Lærdal,
- ♦ og på naturbasert næring (landbruk og næringsmiddelindustri, fjordbasert næring, reiseliv, grøn energi og industrien i Årdal og Vik).

Vi skal arbeide for positiv folketals- og næringsutvikling i heile kommunen.

Vi skal byggje vidare på kompetansemiljøet og entrepenør- og gründerverksemder på Fosshaugane Campus og kople dette mot verksemder i heile den nye kommunen.

Vi vil arbeide for å sikre fortsatt tilbod om vidaregåande utdanning i dei kommunane som i dag har vidaregåande skuler.



Vi skal utnytte potensialet «Sognefjorden»

Ei styrkja samfunnsutvikling skal vi oppnå gjennom:

- Å arbeide for betre infrastruktur internt og inn til kommunen ved å styrka ferjetilbodet i Balestrandregionen, ny bru over Sognefjorden, utbygging av riks- og fylkesvegar i kommunen, styrka kollektivtilbodet og breidbandsutbygging og bruk av IKT.
- Å arbeide for at reisetida mellom tidlegare kommunesenter vert maksimalt 1 time i den nye kommunen.
- Ei samfunnsplanlegging som legg til rette for vekst i heile kommunen.
- Styrkja administrative funksjonar innan nærings- og utviklingsarbeidet, inkl. ei samling av næringsarbeidet og å utvikle ein felles metodikk for nærings- og utviklingsarbeidet.
- Utnytte eit samla næringsfond strategisk i heile kommunen.
- Styrke og utvikle:
  - o Grøn industri – aluminium og kraft
  - o Frukt og grønt-næringer
  - o Aktivitetsbasert næringsliv
  - o Identitetsskapande aktiviteter

### **Forslag frå Lærdal og Årdal – 29.01. (jfr vedlagt notat)**

Kommune har som siktemål å få til ei balansert utvikling mellom dei ulike delene ved aktivt å bygge vidare på dei styrkar og føremoner me har.

I dette ligg å bygge vidare på eksisterande offentlege og private strukturar som grunnlag for å skape vekst i tal arbeidsplassar og utvikling av betre tenester. Døme er statlege og fylkeskommunale miljø og arbeidsplassar på Leikanger, Høgskulen og miljøet kring Campus i Sogndal, sjukehuset i Lærdal, fengselet i Vik, forskingsmiljø på Leikanger og i Sogndal og i Årdal vidaregåande skule og industrimiljøet på Hydro og Norsun. .... (bør fyllast meir ut)

## **4. Kommunesenter**

Vi er samde om at kommunesenteret vert lagt til regionsenteret Sogndal. Kommunesenteret skal vera motor for utviklinga i heile kommunen.

Vi er òg samde om at kommunesenteret bør innehalde det strategiske avgjersnivået med (ordførar, rådmann og kommunalsjefar) og tilhøyrande stabsfunksjonar (økonomisjef, plansjef, personalsjef, næringssjef, sentral beredskap, sentralarkiv).

## **5. Prinsipp for styring og organisering**

Sogn kommune skal ha formannskapsmodellen som styringsform (jfr. kommuneloven § 8).

Kommunestyret skal ha 31 - 39 (35) medlemmar

Formannskapet skal ha 9 medlemmar.

Kommunen skal ha ein utvalsmodell med 3 utval, supplert med mellombels komitear. Utvala er

- ◆ helse og omsorg,
- ◆ undervisning og oppvekst
- ◆ teknisk, plan og byggesak (eller plan og samfunnsutvikling).

Det politiske arbeidet i skal ha sikre utvikling og vekstkraft.

Vi er samde om å styrkje lokalt engasjement og medverknad. Dette skal skje gjennom:

- ◆ Frivillige lag og organisasjonar. Desse er ein viktig del av lokaldemokratiet. Kommunen skal involvere grendeutvala, lag og organisasjonar i utviklinga av kommunen.
- ◆ Fellesnemnda<sup>1</sup> skal vurderer om det også skal etablerast politiske nærmiljøutval som har rådgjevande funksjon eller også avgjerslemynde i enkelte saker.
- ◆ Økonomisk støtte til dei politiske partia. Ny kommune vil krevje tilstrekkeleg ressursar til politisk verksemd gjennom omfanget av heiltidspolitikkarar, gode informasjons- og medverknadskanalar, bruk av digitale verktøy m.v.).

## 6. Kommunenamn

Kommunenamnet er Sogn kommune.

*Kommunevåpen, ordførarkjede og grafisk profil vert utforma under leiing av fellesnemnda.*

## 7. Interkommunale selskap

Dei seks kommunane har eit omfattande interkommunalt samarbeid i dag. Målet er at den nye kommunen sjølv skal utføre flest mogeleg av desse tenestene. Vi er samde om å avvikle eller endre det interkommunale samarbeidet ut frå nye behov.

Vi er samde om at Fellesnemnda skal gå gjennom alt interkommunalt samarbeid dei seks kommunane deltek i, og vurdere avvikling eller vidareføring. For interkommunalt samarbeid som den nye kommunen vil halde fram med, må fellesnemnda gå gjennom vedtekter, kostnadsfordeling m.m..

## 8. Økonomi

Denne delen av avtalen gjeld frå 01.07. 2016 til Fellesnemnda er etablert. Vi er samde om å vise varsemd og berre gjennomføre tiltak som er i samsvar med kommunane si økonomiske bereevne. Vi skal:

- a) orientere kvarandre om investeringar slik dei ligg i vedteken budsjett- og økonomiplan
- b) ikkje selje verdiar som t.d. kraftaksjar utan etter drøfting med dei andre.

---

<sup>1</sup> Fellesnemnd er det folkevalgte organet som førebur den nye kommunen. Dette har representantar frå alle kommunane som skal bli til ein ny kommune. ( Inndelingslova § 26t),

## 9. Samordning av planverk

Vi skal orientere kvarandre om kommuneplanen sin arealdel og samfunnsdel. Kvar kommune skal peike ut sine viktigaste tiltak, slik at dei andre kommunane får innsyn i dei innan 01.07.2016.

Vi er samde om at alle juridisk bindande planar vert overført til den nye kommunen og gjort gjeldande. Planane vert samla og gjennomgått i tida fram til den nye kommunen er formelt skipa.

## 10.Arbeidsgjevarpolitikk

Sogn kommune skal vera ein attraktiv arbeidsgjevar som held på og trekker til seg kompetent arbeidskraft. Vi skal ha ein effektiv, omstillingsdyktig og handlekraftig administrasjon. Vi skal ha høg grad av medverknad både på lokalt og sentralt nivå, både under etablering av og i den nye kommunen.

Kommunesamanslåing er ei verksemdsoverdraging etter arbeidsmiljølova. Det vil ikkje bli gjennomført oppseiingar som følgje av kommunesamanslåinga. Medarbeidarar vil kunne få nye oppgåver og ny arbeidsplass. Fellesnemnda bør inngå ein omstillingsavtale med dei tilsette sine organisasjonar.

Det partsamansette utvalet (PSU, jf. Inndelingslova § 26) skal lage eit omstillingsdokument som:

- Harmoniserer ulike reglement (tilsettingsreglement, permisjonsreglement, m.m.)
- Utarbeider ein felles lønspolitik for alle tilsette
- Harmoniserer lønsskilnader over tid
- Tilbyr avgangsstimulerande tiltak til leiarar

**Vedlegg – Årdal og Lærdal sitt forslag til fordeling av ikkje stadbundne tenester som vist til i kapittel 2 i intensjonsavtalen.**

| Balestrand  | Leikanger   | Lærdal   | Sogndal   | Vik  | Årdal  |
|---|---|--|---|--|--|
| Utmarksforvaltning/<br>skog<br>Reiselivsutvikling   | <ul style="list-style-type: none"> <li>♦ Skattoppkrevjing og arbeidsgjevar-kontroll</li> <li>♦ Sentralarkiv</li> <li>♦ Vatn, avløp, renovasjon/ tekniske tenester «nord»</li> </ul> | <p>Operativ drift av Sogn LMS - herunder styring av eksisterande KAD-senger.</p> <p>Administrering og leing av helsetenester</p> <p>Utvikling av tenester psykisk helsevern og rus</p> | <p>Kommunesenter med</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>♦ ordførar,</li> <li>♦ rådmann</li> <li>♦ kommunalsjefar,</li> <li>♦ stabsfunksjonar (økonomisjef, plansjef, personalsjef, næringsjef, sentral beredskap).</li> <li>♦ Politisk sekretariat</li> </ul> | Hovudkontor kraft                                    | <ul style="list-style-type: none"> <li>♦ Økonomi/rekneskap/</li> <li>♦ lønn</li> <li>♦ Datasenterdrift</li> <li>♦ Helpdeskfunksjon</li> <li>♦ IKT-utvikling</li> </ul> |
|   |   | Landbruk «sør»   |   | Landbruk «nord»                                      |  |
| Kulturadministrasjon, kultuminneforvaltning og –vern «nord»   | Kulturskule «nord»  | Kulturadministrasjon, kultuminneforvaltning og –vern «sør»   | Skule og barnehage-utvikling  |  | Kulturskule «sør»  |
|   | Samfunnstryggleik og beredskap  |  | Brann og redning  |  | Vatn, avløp, renovasjon/ tekniske tenester «sør»   |
|   |   | Plan «sør»   | Overordna planarbeid – samfunns-planlegging   | Plan «nord»  |  |
| omsorgstenester til ressurskrevjande brukarar «nord»  |   | omsorgstenester til ressurskrevjande brukarar «sør»  | PPT   |  | omsorgstenester til ressurskrevjande brukarar «sør 2»  |
|   |   |  | Barnevern   |  |  |
|   |   |  |   | operativ personalfunksjon/-personalrådgjeving «nord» | operativ personalfunksjon/-personalrådgjeving «sør»  |
| <p><b>Sørvistorg med:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>♦ Informasjon og rådgjeving om kommunale rettighetsbaserte tenester t. d. heimesjukepleie, barnehagar, SFO, heimehjelp</li> <li>♦ Byggsak</li> </ul> |   |  |   |  |  |

- ◆ Bibliotek

**Andre stadbudne tenester i kvar noverande kommune**

- ◆ Helsesenter
- ◆ Barnehagar
- ◆ Skular
- ◆ SFO
- ◆ Sjukeheimar
- ◆ Omsorgsbustader
- ◆ Forvaltning, drift og vedlikehald (FDV) av kommunal eigedom og infrastruktur
- ◆ Operativ brann og sløkketeneste
- ◆ Kulturbygg/arrangement

Omgrepa «nord» og «sør» er nytta for å kunne bygge vidare på eksisterande miljø t.d. kulturskule, men også for å ha meir å fordele. Det kan vere føremålstenleg i ein oppstart, men kan endrast om erfaringane tilseier at det er andre betre løysingar. Uavhengig av det bør det truleg vere felles leiing på tvers av lokaliseringane. Det er nokre tenester som det er opplagt at ein bør bygge vidare på der ein er – døme er barnevern og PPT lokalisert til Sogndal. Dette kan utfyllast betre og meir i den vidare prosessen.